



Møre og Romsdal
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar



UNG STEMME

Ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal



Dette programmet er politiske retningslinjer som Ungdomspanelet (UP) i den komande perioden skal følgje opp i sitt arbeid. UNG Stemme - ungdomspolitisk program er vedtatt av Ungdommens fylkesting (UFT) 20.11.2022.

Innhold

1 Introduksjon	3
2 Utdanning	4
2.1 Psykisk helse	4
2.2 Seksualitetsundervisning	6
2.3 Samspel mellom lærarar og skolar	7
2.4 Fleire assistenter og miljø- og sosialarbeidarar	7
2.5 Lærevanskar	8
2.6 Skolemat	8
2.7 Læringsressursar	9
2.8 Mangfold- og kulturkunnskap	9
2.9 Privatøkonomi og livsmeistring	10
2.10 Eksamens	10
2.11 Elevmedverknad	11
2.12 Yrkesfag	11
3 Samferdsel	12
3.1 Kollektivtilbod	12
3.2 Trafikktryggleik	13
3.3 Skoleveg	14
4 Kultur, næring og folkehelse	15
4.1 Fritids- og kultertilbod	15
4.2 Næring	15
5 Øvrige område og mål	17
5.1 Ungdomsmedverknad	17
5.2 Ruspolitikk	18
5.3 Berekraft	19



1. Introduksjon

UNG Stemme – ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal bestemmer ei ramme og ein visjon for den politikken unge i Møre og Romsdal ynskjer å få gjennom. Ved ein lengre gjennomgåande prosess under UFT 2022 med blant anna innspel gitt frå talarstol og gruppearbeid, har ungdom frå heile Møre og Romsdal fått uttale seg om kva sakar som er viktigast for seg, og kva visjonar dei har for fylket i perioden.

Programmet er utforma for fylket sine tre hovudutval. I tillegg har vi sett opp ein generell del i programmet som ikkje fell under hovudutvala sine arbeidsområde eller som gjeld tverrfaglege satsingar.

Dette programmet vil vere eit førande dokument for det neste Ungdomspanelet, som vil seie at dei skal kjempe fram sakane i dei forskjellige utvala, i saksbehandling, i tillegg til fylkestinget.



2. Utdanning

2.1 Psykisk helse

Kommunen har ansvar for psykisk helse – fylkeskommunen har ansvar for om eleven har det bra på den vidaregåande skolen, derfor inngår psykisk helse også under fylkeskommunens ansvar da det påverkar skolekvardagen og læring.

2.1.1 Helsesjukepleiarar og helsefagarbeidrarar

Å ha gode tilbod frå helsesjukepleiar og helsefagarbeidrarar som jobbar aktivt på skolane er essensielt for ein god og trygg skolekvardag.


UFT ynskjer:

- Helsesjukepleiar tilsett i 100% stilling i alle vidaregåande skular.
- At kommunane skal tilsette helsefagarbeidrarar med psykososial utdanning i tillegg til helsesjukepleiar.
- Å gjere det meir attraktivt å utdanne seg innanfor helse sjukepleiefaget som mannleg arbeidar.

2.1.2 Fokus på psykisk helse

UFT ynskjer:

- Meir fokus på psykisk helse blant menn og minoritetar.
- Ha ein fagdag på skulane med fokus på psykisk helse.
- Sette psykisk helse i sentrum ved hjelp av kvalifiserte fagfolk innanfor relevant undervisning.
- Bruke kvalifiserte førelesarar for å undervise om psykisk helse både til lærarar og elevar.
- Psykiske helsetilbod og helsetilbod i kommunane må informerast betre om på skolane, må ha betre kvalitet og vere lettare tilgjengeleg.



2.1.3 Tilrettelegging

Ein riktig tilrettelagt skolekvardag vil auke læring og trivsel

UFT ynskjer:


- Tilrettelegging i skolekvardagen for elevar med psykologiske og nevrologiske utfordringar.
- Tilstrekkeleg med opplæring for både lærarar og kontaktlærarar så tilrettelegginga blir implementert på ein fagleg god og rask måte.

2.1.4 Russetid - tryggheit - inkludering

Russetida har vorte ein såpass stor del av skolemiljøet og påverkar læremiljøet i så stor grad at både skolen og fylkeskommunen må ta stilling til det.

UFT ynskjer:

- Å ansvarleggjere skolen, fylkeskommunen, kommunane, lærarane og for en trygg og inkluderande russetid.
- Samarbeid mellom elevråd og russestyra (arrangemente val av styre etc.)
- Psykisk helse i russetida, samarbeid mellom skolane, russestyra og kommune/fylkeskommune.
- Felles møteplass avtalt med kommunen.
- Seksualitetsundervisning før, under og etter russetida.
- Bedre tilbud til helsesjukepleier før, under og etter russetida.



2.2 Seksualitetsundervisning

Seksualitetsundervisninga har stort behov for å bli betre i norsk skole. Dette vil sikre forutsetningar for eit bra medborgerskap og livsmeistring. Det er ikkje seksualitetsundervisning på vgs i dag. Vi treng ein kvalitetssikker seksualitetsundervisning gjennom heile skoleløpet.

Uke 16 er eit undervisningsmateriell frå "sex og politikk" av god kvalitet for vidaregåande opplæring. Alle lærarar har tilgang til dette materialet. I dette materialet får lærarane

god rettleiing i korleis ein kan gjennomføre undervisninga på ein trygg og tydeleg måte.

UFT ynskjer å bruke "seksualitetsundervisning" i staden for "seksualundervisning" då "seksualitet" i større grad viser breidda av slik undervisning. Det handlar om meir enn reproduksjon og puberteten slik som er framheva i punkta under. Dette omgrepet er også anbefalt av verdas helseorganisasjon (WHO) og helsedirektoratet.

UFT ynskjer:

- Å bruke kvalifiserte førelesarar for å undervise i seksualitetsundervisninga i tillegg til dei ordinere lærarane.
- At læremateriellet "Uke 16" av "sex og politikk" blir aktivt brukt i undervisninga.
- Disse tema synes vi er særstakt viktig å inkludere i seksualitetsundervisninga på dei vidaregåande skolane:
 - trygg og positiv seksualitet
 - samtykke
 - grensesetting
 - nytelse og lyst
 - samleie utan penetrering
 - fjerne heteronormativ standard
 - kroppen, korleis fungerer den
 - skeiv sex
 - valdtekst og seksuelle overgrep hos alle kjønn, førebygging, behandling
 - statistikk
 - bruke organisasjonar og engasjerte fagfolk aktivt i undervisninga
 - seksuell- og reproduktiv helse og rettigheter (srhr)



2.3 Samspel mellom lærarar og skolar

Ungdommens fylkesting meiner at individuelle skilnadar blant lærarar gjer at elevar får ulik opplæring og ender opp med ulik kom-

petanse. Dette fører også til ulik oppleving av medverknad, tilrettelegging, vurdering og læring.

UFT ynskjer:

- At lærarar i fylkeskommunen, spesielt dei som har same fag, samarbeider for å sikre lik undervisning, behandling av elevar og vurdering i vurderingssituasjonar.
- At skolar samarbeider for å sikre lik vurdering, grunnlag for framtida og vidare utdanning.

2.4 Fleire assistentar og miljø- og sosialarbeidrarar

I klasser med elevar som opplever psykologiske og nevrologiske utfordringar trengs det fleire assistentar, ev. miljø- og sosialarbeidrarar for å heve kvaliteten på opplæringa

og tilrettelegginga. Dette vil auke kvaliteten og effektiviteten på undervisninga til klassen som heilheit.

UFT ynskjer:

- Tilgang på fleire assistentar etter behov.
- Assistentar med kompetanse på dei aktuelle psykologiske og nevrologiske utfordringane.



2.5 Lærevanskar

Ungdommens fylkesting meiner det er grunnleggande å ha eit tilgjengeleg og universelt utforma skolesystem, det vil si eit system som er tilrettelagt for alle. Det må leggast til rette for elevar med nevrologiske lærevanskar (dysleksi, ADHD, OCD, osv.), og

det er viktig at lærarar og øvrige tilsette på skolane har kompetanse innanfor feltet, og ein dialog med kvar enkelt elev. Enkelte gongar er det svært små grep som må til for å gjere skolekveldagen til elevar med særskilte behov betydeleg betre.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen syter for god kompetanse innan lærevanskar blant dei tilsette på skolane. Dette gjeld mellom anna tilgang på hyppig kurs.
- At fylkeskommunen jobbar for at diagnostar og testing blir gjort i ein tidleg alder slik at tilrettelegging og eventuell behandling kan starte så snart som mogleg.
- At fylkeskommunen arbeider med betre tilrettelegging under eksamen, undervisning og prøver.
- At fylkeskommunen har eit stort fokus på behova til den enkelte elev, kor det er viktig at vedkommande føler seg høyrd og sett.

2.6 Skolemat

Ungdommens fylkesting ser verdien i gratis skolemat, og meiner dette er med på å fremme skolen som ein varm og trygg møteplass, så vel som ein utdanningsinstitusjon.

Gratis skolemat vil auke konsentrasjonen og yteevna for elevane, og vil fjerne skam og press som kan oppstå rundt maten ein tek med heimanfrå.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen sikrar gratis og sunn skolemat i dei vidaregåande skolane i fylket.



2.7 Læringsressursar

Ungdommens fylkesting meiner det er viktig at læringsressursane er i god stand og har oppdatert innhald på begge målformer, og

at elevar opplever same standard på både små og store skular.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen syter for lærebøker i god stand på både små og store skular.
- At fylkeskommunen syter for at alle læringsressursar har oppdatert innhald i tråd med dagens læreplan.

2.8 Mangfald- og kulturkunnskap

I dagens samfunn er det viktig å fremme forståing og kunnskap om andre kulturar og religionar. UFT meiner at undervisninga spelar ei viktig rolle i eit fleirkulturelt samfunn. Vi

meiner at dette bidreg til eit betre skolemiljø. Individuelle skilnadar mellom skular eller lærarar kan føre til at elevar sin kompetanse om andre kulturar blir svært ulik.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen syter for at lærarar tilsett i dei vidaregåande skolane oppfordrar til forståing og belyser både likskap og ulikskap rundt kulturar.



2.9 Privatøkonomi og livsmeistring

UFT ynskjer auka merksemd på privatøkonomi i undervisninga på skolane, kor vi i dag opplever store skilnadar frå lærar til lærar og frå skole til skole. Det er også manglande

opplæring i korleis ein skal skaffe seg jobberfaring som ung, og rettigheitene ein har som arbeidstakar, i tillegg til informasjon om skattekort og korleis skrive CV.

UFT ynskjer:

- At vidaregåande skular i fylket skal leggje opp til at elevar får relevant og naudsynt opplæring i økonomi og livsmeistring.
- At fylkeskommunen bidreg med informasjonsformidling om jobbrettigheiter og jobbmogleheter for unge.

2.10 Eksamensløysing

UFT meiner at eksamensløysinga slik den er i dag ikkje er ideell. Måten ein i dag bestemmer trekkfag vert opplevd som svært urett-

ferdig, det blir for mykje opp til tilfeldigheitene kva karakterar ein får.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen og ungdomspanelet jobbar med å fremme alternative eksamensløysningar i sitt nasjonale arbeid.



2.11 Elevmedverknad

UFT meiner at elevane i fylket ikkje får vere med å medverke i skolekvardagen sin i stor nok grad. For at elevane skal ha det så godt

som mogleg på skolen, er ein avhengig av at elevane får vere med å bestemme korleis skolekvardagen skal vere.

UFT ynskjer:

- At elevane burde få styrka medverknad i skolen, både når det gjeld undervisningsmetodar, vurderingssituasjonar, og skolemiljø.
- Å oppfordre rektor og aktuell administrasjon på dei vidaregåande skolane i fylket til å vere meir til stades på elevrådsmøta og styremøta på skolane.

2.12 Yrkesfag

UFT meiner at yrkesfaglege linjer skal være likestilte med studiespesialiserande linjer, og at rådgivinga for elevar på ungdomsskolane skal ha fokus på interesser og eigenskapar

framføre karakterar. Møre og Romsdal er eit fylke med stort behov for yrkesfagleg kompetanse, og då må ikkje elevar få beskjed om at dei er "for gode" til å ta ei praktisk linje.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen gir god og relevant informasjon til elevar i grunnskolen som omhandlar meir enn karakterar, det vil si den enkelte elev sine eigenskapar og interesser angåande vidaregående studielinje.
- Meir plassar på yrkesfag for å følgje dagens etterspørsel.




3. Samferdsel

3.1 Kollektivtilbod

Ungdommens fylkesting ser verdien av å ha ein effektiv og enkel samferdsel i Møre og Romsdal. Vi ser spesielt på det kollektive transporttilbodet som ein av dei viktigaste prioriteringane innan samferdsel. Eit godt og effektivt kollektivtilbod vil redusere fylket sitt totale klimagassutslepp, samstundes som det kan gjere det meir attraktivt for unge å bu i distriktet i fylket vårt.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen skal ha meir tilrettelagte og hyppigare bussavgangar i Møre og Romsdal.
- At fylkeskommunen legg opp til avgangar som korresponderer med kvarandre.
- At fylkeskommunen skal ha billegare kollektivtilbod for barn og unge.
- At fylkeskommunen arbeidar for at bestillingstransport vert teke meir i bruk, gjennom at ein nyttar meir marknadsføring og at ein utvidar tilbodet til å gjelde fleire stadar i regionen, spesielt i distrikta.
- At fylkeskommunen legg opp til fleire tilpassa avgangar alle dagar i veka, spesielt i distrikta.
- At fylkeskommunen legg opp til at det blir enklare for brukarane å gi tilbakemeldingar på tilboda.



3.2 Trafikktryggleik

Ungdom er blant dei gruppene med mange hardt skadde i trafikken. Ungdommens fylkesting meiner at trafikktryggleik er ein viktig del av arbeidet med samferdsel. Fylkeskommunen må sjå på korleis ein kan arbeide for at vegane i fylket vårt skal vere trygge å ta seg fram på, både for mjuke trafikkantar og dei som nyttar seg av motorkøyretøy.

UFT ynskjer at fylkeskommunen skal vurdere alle strekningar på fylkesvegane for å sjå på korleis ein kan gjere for eksempel busstopp og tilhøyrande framkomststrekningar, gangvegar og gangfelt meir trafikksikre.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen syter for trafikksikring av fylkesvegane gjennom utgreiing av strekningar der det ferdast mange unge, og raskt gjennomfører tiltak som vil gjere området meir trafikksikkert.
- At fylkeskommunen vil ta hyppigare i bruk undergangar og overgangar for å sikre trafikksikkerheita langs fylkesvegane våra.
- At fylkeskommunen legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne eksempelvis rullestolbrukarar kan bevege seg fritt og trafikksikkert langs fylkesvegane, spesielt til og frå busshaldeplassar.
- At fylkeskommunen skal byggje fleire trygge gang- og sykkelvegar.
- At fylkeskommunen jobbar for eit skifte til nullutsleppsbusstar- og båtar i fylket.
- At fylkeskommunen jobbar for å få på plass minibussar framfor store bussar på strekningar kor bussane ikkje er fylt opp.




3.3 Skoleveg

På UFT var elevane sine skolevegar ei av sakene innan samferdsel som fekk mest merksemd. Dette fordi vi ser at det er opplevd fleire ulike problem knytt til elevane sine

måtar å kome seg til og frå skolen. Vi ser spesielt på trafikktryggleik rundt elevane som er mjuke trafikantar, samt problematikk rundt skoleskyss til og frå skolane.

UFT ynskjer:

- At barn og unge som bur for nærme skolen til å få skoleskysskort har opplyste gangvegar heile vegen til skolen.
- At unge med skilte foreldre får skoleskysskort om ein av foreldra bur lengre enn 6 km frå skolen.
- At fylkeskommunen legg til rette for korrespondanse mellom skoletid og skoleskyss heim.



4. Kultur, næring og folkehelse

4.1 Fritids- og kulturtildobd

For at alle skal trivast i lokalsamfunnet, er fritids- og kulturtildobd eit viktig aspekt. Å skape sosiale aktivitetar for unge, forbetrar folkehelsa betydeleg. UFT ser at bruken av ungdomsklubbar og liknande er bra for å styrke det psykososiale forholdet mellom unge, og at tilboda burde styrkast.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen gir subsidiar, altså økonomisk støtte til kommunar og frivillige organisasjonar, til å drifte lågterskeltildobd for ungdom.
- At alle sosiale- og fysiske aktivitetar skal vere tilrettelagt slik at alle skal kunne delta, uavhengig av økonomisk bakgrunn og fysiske vanskar.
- At tilboda som allereie eksisterer, blir marknadsført.
- At fylkeskommunen legg til rette for fleire utlånsordningar, eksempelvis BUA.

4.2 Næring

For at ungdom i Møre og Romsdal skal bli godt rusta til arbeidslivet, meiner UFT det er

viktig at det finnes gode jobbmoglegeheter i fylket.



4.2.1 Arbeidsliv for unge

UFT meiner at det er viktig å skape eit tett samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og næringslivet for å skape best mogleg arbeidsplassar for unge i fylket.

UFT ynskjer:


- At fylkeskommunen legg til rette for at kommunane, i samarbeid med næringslivet, kan skape arbeidsplassar for ungdom, til dømes ved å gi øyremerka midlar.

4.2.2 Likestilling i arbeidslivet

Politikarane våra sitt på mykje ansvar når det gjem til likestilling. UFT ser at saker som auka løn i kvinnedominerte yrke er viktige saker som burde handsamast på eit nasjonalt nivå. Vi meiner difor at det ligg mykje ansvar på våra politikarar å bringe store likestillingssaker vidare til den nasjonale politikken, som har fleire verkemiddel til å gjere noko med ein sak som dette.

UFT ynskjer:

- At fylkespolitikarane skal arbeide aktivt opp mot den nasjonale politiske arenaen for å gjennomføre store likestillingssaker som auka løn i kvinnedominerte yrke.



5. Øvrige område og mål

5.1 Ungdomsmedverknad

Ungdomsengasjement er større enn nokon gong før, for at ungdom skal kunne delta i samfunnsdebatten og vere med å styre det som kjem til å verte vårt ansvar om nokre år, er det viktig at vår stemme vert høyrt. UFT ynskjer at fylkeskommunen og kommunane i fylket skal ta med ungdom i samfunnsdebatten og at ein fremmar eit samfunn som ser verdien av ungt engasjement og ungdom si stemme.

5.1.1 Møte- og talerett

For at unge skal ha moglegheit til å påverke dagens styringspolitikk og ta eigarskap til sakar, ynskjer UFT at fylkeskommunen opprettheld møte og talerett for Ungdomspanelet og at alle kommunar i fylket opnar opp for at ungdomsråda i kvar enkelt kommune skal ha møte- og talerett i kommunestyre og i kommunen sine hovudutval.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen opprettheld Ungdomspanelet sin møte- og talerett i fylkesting og hovudutvala i fylket.
- At kommunane opnar for at deira ungdomsråd skal ha møte- og talerett i kommunestyre og i kommunen sine hovudutval.

5.1.2 Nasjonalt Ungdomsråd

Ungdomspanelet har saman med andre fylkesungdomsråd i ei lengre tid arbeidd for å få starta opp eit nasjonalt ungdomsråd. Nasjonalt ungdomsråd er eit stort steg i ei retning der ungdomsmedverknad betyr reel medverknad for unge.

UFT ynskjer:

- At det vert oppretta eit nasjonalt ungdomsråd.



5.2 Ruspolitikk

Rus har dei siste åra vorte omtala i media som eit aukande problem i fylket vårt, blant anna med auka bruk av sterkare stoff i dei store byane våra- Samstundes har problematikk rundt rusavhengigheit vorte eit større og større tema blant ungdom i stadig yngre

alder. UFT ser med bekymring på handlekrafta til fylket og kommunane når det kjem til ruspolitikken som vert ført og vil sjå at straff vert brukt som ein siste utveg og at ein legg inn ei mykje større satsing på førebygging og hjelp.

5.2.1 Samarbeid

UFT har dei siste åra sett at rus har vorte eit stort problem blant unge, vi saknar handlekraft frå våra politikara både på fylkeskommunalt nivå og kommunalt nivå. Ansvarsfråskrivinga er stor, men vi må byrje å sjå at problemet er reelt og at det må fattast tiltak snarast. UFT meiner det er behov for betre kartleggingar og betre samarbeid for å få til presise og gode tiltak.

UFT ynskjer:

- At politikarane samarbeider med unge, politi, helse og andre som er relevante for å fatte dei beste og mest treffsikre tiltaka mot rusavhengigheit.

5.2.2 Psykisk helse og rus

Ein kan ofte sjå at rusproblem startar på grunn av mangel på hjelp med både psykiske og fysiske lidingar, i tillegg til at hjelpa må inn tidlegare for å hjelpe dei som slit med rus. Difor meiner vi i UFT at det er viktig at ordningar som helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar vert styrka, i tillegg til at dei får større kompetanse på rusførebygging og samanhengen mellom psykiske og fysiske lidingar, og rusavhengigheit.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen og kommunane satsar større på helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar, også at desse har best mogeleg kompetanse innan rusavhengigheit.



5.3 Berekraft

Møre og Romsdal fylkeskommune har sett seg mål om å vere miljøfylket nr. 1. For å klare dette er det viktig at ein tenkjer nyskapande og at ein er villig til å gå gjennom store endringar på kort tid.

UFT har lengje hatt eit stort engasjement for det grøne skiftet og korleis vi på enklast og


best mogeleg vis skal kome oss gjennom det grøne skiftet. For at ein skal klare dette vil trygg og rettferdig styring frå fylkeskommunen sitt hald vere heilt essensielt. UFT ser på det som viktig at fylkeskommunen legg opp til at industri i fylket og fylket si befolkning skal kunne drive og leve mest berekraftig.

5.3.1 FNs berekraftsmål

Møre og Romsdal fylkeskommune har ein fylkesplan som legg berekraft til grunn for alt fylket skal gjere. For at ein skal skape eit berekraftig samfunn meiner vi i UFT at fylkeskommunen burde følgje FNs berekraftsmål i alle prosessar som inngår i drifta. Dette gjelder alt frå vedtak som vert fatta i fylkesting og hovudutval til den normale drifta av fylkeskommunen.

UFT ynskjer:

- At FNs berekraftsmål framleis skal vektleggjast når fylkeskommunen, fylkesting og tilhøyrande hovudutval gjennomfører anbod og vedtak.



5.3.2 Energiproduksjon og etterisolering

Møre og Romsdal fylkeskommune har, som ein samfunnsutviklar og støttespelar for å kome seg gjennom det grøne skiftet, eit stort ansvar for å både vere eit førebilete ved å gjennomføre klimatiltak i si drift, men og ved å stille opp for næringar og innbyggjarane for at dei skal omstille seg.

UFT ynskjer at fylkeskommunen samstundes som at ein nyttar sine bygningar til å produsere energi, eksempelvis gjennom solcelle, etterisolerer sine bygningar for å spare strøm, og hjelper næringar og innbyggjarane i fylket med å gjennomføre same tiltak.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen skal nytte seg av energiproduksjon i form av solceller ol. på deira bygningar.
- At fylkeskommunen startar opp arbeidet med å etterisolere sine bygningar (skular, fylkeshus, etc).
- At fylkeskommunen skal oppfordre til nedtrapping av petroleumsindustrien, og fokusere på effektivisering av fornybar energi.
- At fylkeskommunen vil leggje opp til at kommunane, næringane og fylket sine innbyggjarar skal kunne gjennomføre same tiltak som nemnt i punkta over gjennom subsidiar.

5.3.3 Resirkulering og avfallshandsaming

For UFT er enkle og effektive løysingar viktig. Innanfor kampen mot klimakrisa er innføring av små og relevante tiltak, samt at ein sett læring høgt når det kjem til korleis ein kan leve berekraftig. UFT vil at fylkeskommunen skal leggje opp til at skolane og offentlege bygg skal kunne resirkulere, samt at fylkeskommunen og kommunane skal kunne ha gode rutinar for avfallshandsaming med fokus på gjenbruk og resirkulering i alle deira prosessar

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen legg opp til at ein skal ta i bruk resirkulering og god avfallshandsaming i alle deira prosessar.
- At fylkeskommunen legg opp til resirkulering, plast, papp, papir og restavfall i klasseromma på alle vidaregåande skular, samt anna god avfallshandsaming på fylket sine skular.



5.3.4 Samarbeid, forsking og innovasjon som ein del av løysinga

For at ein skal kunne oppnå fylkeskommunen sine ambisjonar om berekraft, er samarbeid naudsynt. For at det offentlege og private skal kunne omstille seg er dei heilt avhengige av å kunne utnytte kvarande sine styrkar, og hjelpe kvarandre med sine svakheiter. I tillegg vil UFT at det skal løyvast midlar til forsking og innovasjon for å kunne kartleggje korleis ein på enklast og best mogeleg vis, skal kunne gå gjennom det grøne skiftet og skape eit berekraftig samfunn.

UFT ynskjer:


- At fylkeskommunen skal arbeide saman med privat næringsliv og andre for å skape eit berekraftig fylke.
- At fylkeskommunen skal løyve pengar til forsking og innovasjon innan berekraft.

5.3.5 Lokalsamfunnet må vere med i skiftet

For at ein skal kome seg gjennom det grøne skiftet er det ikkje berre dei store tiltaka som er viktig å vedta. For UFT er også mindre og meir lokale sakar også viktige. Vi ynskjer å sjå at både fylkeskommunen og kommunane vektlegg små og enkle klimatiltak.

UFT ynskjer:

- At fylkeskommunen og kommunane skal arbeide for å bruke materiell og verktøy som vert brukt i drifta om igjen, så lengje det er mogeleg.
- At fylkeskommunen og kommunane skal nyte seg meir av lokal handling for å spare transportutslepp og støtte lokalt næringsliv.
- At ein gjennom samarbeid skal arbeide betre for å redusere matsvinn.





Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde

Telefon: 71 25 80 00

post@mrfylke.no

mrfylke.no

- ein tydeleg medspelar

Ungdomspanelet:

mrfylke.no/up

ungdomspanelet@mrfylke.no

Instagram: [ungdomspanelet_mr](https://www.instagram.com/ungdomspanelet_mr)

Facebook: [ungimore](https://www.facebook.com/ungimore)

